


Vekeplan for 7. trinn



Veke 37

	Måndag 8.setptember	Tysdag 9.september	Onsdag 10.setptember	Torsdag 11.september	Fredag 12.september
08.15-09.45	A: Norsk/engelsk B: Norsk C: Norsk	A: Norsk/KRØ B: Norsk/matte C: Norsk	A: Norsk B: Norsk/engelsk C: Norsk/matte	A: K&H B: K&H C: K&H	A: Norsk/matte B: Norsk/KRLE C: Norsk/matte
10.00-11.15	A: Matte B: Matte C: Engelsk	A: Naturfag B: Engelsk C: Matte	A: Matte B: Norsk C: Engelsk	A: Norsk B: Matte C: KRØ	A: Norsk B: Norsk C: Musikk
11.45-12.45	A: Naturfag/Studie B: Samfunn/Studie C: Samfunn	A: Engelsk B: Naturfag C: Naturfag	A: Samfunn B: Samfunn C: Samfunn	A: FYSAK B: FYSAK C: FYSAK	A: KRLE B: Musikk C: Norsk
12.55-13.55	A: Samfunn B: Naturfag C: Studie og KRLE		A: KRLE B: KRLE C: KRLE	A: Musikk B: KRØ C: Naturfag	

Heimearbeid veke 37

Til tysdag	Matte: Jobb 20 minutt på multi smartøving. Samfunnsfag: Gå på jakt etter 3 ting i heimen din som er laga i andre land. Det kan vera klede, sko, matvarer etc. Skriv ned tinga og kor dei blei laga i showbie. Norsk: Les på nett om ein person som er kjend for å ha <i>oppfunne</i> noko. Skriv 8 <i>faktasetningar</i> om han/ho - og oppfinninga. Ha med eit bilete av personen og/eller oppfinninga.
Til onsdag	7B Engelsk: Jobb 20.minutt med Explore smartøving. Gjer Worksheet. Leseforståing: Vel <i>ein</i> av tekstane som ligg på Showbie – Leseforståing Veke 37. Den eine teksten har meir tekst og vanskelegare spørsmål enn den andre. Svar på dei 4 fyrste spørsmåla <u>med heile setningar og vel èi av oppgåvene i siste ramme.</u>
Til torsdag	Matte: Gjer oppgåvearket som ligg på showbie (vel nivå 1 eller nivå 2). Skriv i skriveboka di. K&H: Ta med minst 3 ting du kan bruke i papphuset i K&H. Det kan vera korkar, lokk, beger eller liknande.
Til fredag	7A og 7C Engelsk: Jobb 20.minutt med Explore Smartøving. Gjer Worksheet. Fredag spesial: Lag ein sunn og god kveldsmat og ta bilete undervegs. Ver kreativ!

Vekas ord

Globalisering

Organisere

Invasjon

Dialog

Til heimen:

- Denne veka byrjar me med **studiehalvtime** på 7. trinn. Her får elevane moglegheit til å gjera lekser på skulen i ein halvtime. Dette for å nærme oss litt slik dei gjer det på ungdomsskulen. Elevane får derfor litt meir lekse enn dei er vane med, men dei kan altså gjer mykje av det på skulen dersom dei er effektive. Lurt å spør etter kor mykje eleven fekk gjort på skulen av lekse.
- **Ta med til K&H:** I K&H desse vekene skal elevane laga eit hus i papp, etter å ha designa det på papir. Dei skal innreda med lampar, badekar, vasar og liknande. Til dette skal dei bruka småting som korkar, lokk, beger etc. Me har noko liggjande på skulen, men fint om elevane kan ta med noko heimefrå etter at dei har vaska det.
- Me kjem til å ha «**Vekas ord**» frå tid til annan på vekeplanen. Det er *nøkkelord* som er viktige for forståinga av det me skal læra den aktuelle veka. Me kjem til å diskutera betydninga av orda på skulen, men det er også noko de kan snakka om og diskutera heime.